



Referat frå møte i Vaksdal sokneråd

Tid	20.01.2026 kl. 17.00 – 19.00
Stad	Konfirmantrommet Vaksdal kyrkje
Til stades:	Roar Strømme vikarprest. Tove Margrete Nordmark, Per Nordmark, Heidi Rongved, Siv Torlaug Hisdal, Tormod Amundsen, Oddvar Dale og Grete Loftheim Dale.
Forfall:	
Referent:	Grete

Opning		Ansvarleg	Frist
	Roar Strømme: Kristenretten som tok over for makta. Nå på vei motsatt vei? Håp: Også 2026 er et Herrens år.		
Sak 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.		
Sak 02/26	Gudstenester og ansvarsfordeling • 25. jan. kl. 11.00. Enkel kyrjekaffi. • 15. febr. Kl. 11.00 – Tårnagentar (flytta frå 25.januar) Kaffi m/istårn. Det trengs også hjelp til servering laurdag 14. kl. 12.30 – 15.30. Flaggermussuppe. • 8. mars kl. 11 – Årsmøte + dåp av konfirmantar. Siv og Heidi ordnar kyrjekaffi. • 2.april kl. 19.00 – Skjærtorsdag. Kveldsmat. • 12. april kl. 11.00 Info om offertildeling: Offeret til IKO vert flytta til Tårnagentgudstenesta 15. februar. Offer til Bibelselskapet vert 25. januar.	Heidi/Torm. Grete/Oddv Alle T.M.&Per	
Sak 03/26	Liturgihefte for Vaksdal kyrkje • No har vi ei fin utgåve på godt papir og med skrift i to fargar. Denne trur vi vil fungera godt. Må gjere merksam på mogeleg med gjenbruk.		
Sak 04/26	Jula og nyttår - evaluering Roar melder frå stabsmøtet 7. januar: Vi hadde evaluering av jule- og nyårsfeiringa. Der kom opp nokre punkt som vi gjerne kan ta med til vår eiga evaluering i soknerådet.		



	• Julaftan: Godt frammøte. Spesielt og stas med ein 15-åring som organistvikar. Han spelte godt og leverte eit imponerende postludium. Takk til mentor Steinkopf som la til rette. Særs godt frammøte. Gjekk tomme for program. • Juledag: Svært få (ca. 20), men av desse nokre frå Vaksdal, på den felles høgtidsgudstenesta på Dale. Er det noko vi kan gjere for å ta vare på juledagen som den store høgtidsdagen i jula? Varierende kor mange som kjem i ulike kyrkjer og på ulike stader. T.d. ca. 200 deltakarar i Norheimsund. • Nyårsaftan: Ca 20 på midnattsmessa. Tidspunktet er noko krevjande både for tilsette og deltakarar. Er det aktuelt til å flytte den til tidlegare på dag, slik mange kyrkjelydar har gjort? Tek saka opp i årsmøtet. • Julefesten: Fin tilskiping med god oppslutning, ikkje minst frå barnefamiliar. Julesongar på nynorsk vart etterspurt. Matlista må oppdaterast. • Skulegudstenesta: Gode tilbakemeldingar. Fin og tydeleg gudsteneste.		
Sak 05/26	Lyd/lys i kyrkja • Det vert meldt at lydanlegget er dårleg. Til dels ustabilt. Trengs nytt. Lite eigna for musikk. Heidi tek opp tema i fellesrådet . Vi rådet må vera merksame på å gje beskjed om ein ikkje høyrer. • Nokre etterspør også lys-setjing av kyrkja-flaumlys. Er det råd å gjere noko med det? Vil gjera flott kyrkje meir synleg i landskapet, men og føre til meir lysforureining og energibruk. Tek saka opp på årsmøte.		
Sak 06/26	Årsmøte for Vaksdal sokn 8. mars • Innspel til årsmeldinga? Gjekk gjennom liste over tema. • Rekneskapen • Årsstatistikken		



	• Tankar om korleis kunngjera og gjennomføra møtet? Årsmeldinga vert lagt ut til gjennomsyn på Vaksdal Senter. Korleis få betre frammøte på årsmøte? Kyrkjekontoret set inn ei felles annonse i VaksdalPosten for årsmøta i kyrkjene. Der kan ein t.d. visa til kvar ein kan lese årsmeldingane som kan sendast til kyrkjekontoret for å bli lagt ut på heimesida.		
Sak 07/26	Dugnadstimar sidan sist • Pynting av juletre og nedtaking/rydding: 3 timar • Reparasjon av pidestallar: 3 timar • Maling: 1 time.		
Sak 08/26	Orienteringssaker/drøfting • Nytt frå fellesrådet v/Heidi: Medarbeidarsamling vert 9/6. Møta handlar mykje om trong økonomi og budsjett. Fått tilsegn om auking som tar høgde for deflator. Utsikt til at ein kjem i balanse, men ein del tiltak er sett på vent. • Roar skal ha temakveld i Øystese kyrkje om «Åndeleg vestavêr», den kristne arven vår frå den keltiske tradisjonen, med kåseri, song og kveldsbøn etter keltisk tradisjon. Dette kan vere aktuelt i Vaksdal, anten "Under galleriet" i Dale eller i Vaksdal kyrkje. Soknerådet ønskjer det i Vaksdal kyrkje, og ber Roar i samråd med kantor for kvelden komme med framlegg til dato. • Alarmen i kyrkja verkar ikkje som den skal. Vær obs på at alarmlyden berre høyrast inne i kyrkja. Saka er meld til kyrkjevevja. Ei anna sak er om det er meir trong for brannalarm enn innbrotsalarm? • Felles soknerådsmøte 17/3. Tove Margrete tek opp tankar rundt fleire tema som kan vere aktuelle å drøfta i eit slikt møte. Ho får støtte i soknerådet for det. Roar: Ei utfordring: Alle sokna har ulike liturgiar.		



DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal sokneråd

NR 1/26

SAK 01 – 08

Avslutning

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, makta og æra i all æve. Amen.